

<arkivID><jpID>  
Plannavn-  
Kommunedelplan  
Helse, sosial og  
omsorg, Komnr-4631,  
FA-L1

**Arkiv:**

**JournalpostID:**

**Sakshandsamar:**

**Dato:** 16.09.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
038/22	Utval for helse og omsorg	04.10.2022
046/22	Eldreråd	07.11.2022
049/22	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	07.11.2022
039/22	Ungdomsråd	07.11.2022

**Kommunedelplan helse, sosial og omsorg 2022-2034 - høyring og offentleg ettersyn**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-14 vedtar Alver kommune å sende forslag til kommunedelplan helse, sosial og omsorg 2022-2034 ut på høyring og offentleg ettersyn. Høyringsperiode er sett til seks veker.

**Utval for helse og omsorg 04.10.2022:**

**Handsaming:**

Helge Kvam-Fagansvarleg Fagutvikling stab helse og omsorg orienterte om arbeidet med kommunedelplanen.

**Det vart sett fram følgjande felles tilleggsframlegg:**

Utval for helse og omsorg ønsker å ha same lengde på høyringsperioden for kommunedelplan for helse, sosial og omsorg som for kommunedelplanen for Oppvekst. Administrasjonen får fullmakt til å endre høyringsperioden for å oppnå dette.

Utalet vedtok samråystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, med unntak av høyringsperiode, og med felles tilleggsframlegg sett fram i møtet.

**HO- 038/22 Vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-14 vedtar Alver kommune å sende forslag til kommunedelplan helse, sosial og omsorg 2022-2034 ut på høyring og offentleg ettersyn.

Utval for helse og omsorg ønsker å ha same lengde på høyringsperioden for kommunedelplan for helse, sosial og omsorg som for kommunedelplanen for Oppvekst. Administrasjonen får fullmakt til å endre høyringsperioden for å oppnå dette.

**Eldreråd 07.11.2022:**

**Handsaming:**

**Det vart sett fram følgjande framlegg til uttale i saka**

Eldrerådet sluttar seg til strategi og utvikling av den framtidige helse-, sosial- og omsorgssektoren.  
Rådet vil gje positiv tilbakemelding på arbeidet som er gjort med kommunedelplanen.

Eldrerådet vedtok samråystes felles framlegg til uttale.

**ER- 046/22 uttale:**

Eldrerådet kjem med følgjande uttale i saka:

Eldrerådet sluttar seg til strategi og utvikling av den framtidige helse-, sosial- og omsorgssektoren.

Rådet vil gje positiv tilbakemelding på arbeidet som er gjort med kommunedelplanen.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 07.11.2022:**

**Handsaming:**

**Fellesframlegg:**

Rådet er glad for det høge ambisjonsnivået i planen og vil særleg trekka fram tilbodet til menneske med nedsett funksjonsevne og vektlegginga på samarbeid mellom kommunen og frivilleg sektor. Rådet imøteser handlingplanar som går meir konkret inn på dei enkelte saksområda.

Framlegget vart samråystes vedteke.

**RMNF- 049/22 uttale:**

Rådet er glad for det høge ambisjonsnivået i planen og vil særleg trekka fram tilbodet til menneske med nedsett funksjonsevne og vektlegginga på samarbeid mellom kommunen og frivilleg sektor. Rådet imøteser handlingplanar som går meir konkret inn på dei enkelte saksområda.

**Ungdomsråd 07.11.2022:**

**Handsaming:**

Orientering i saka v/Hans Kristian Dolmen

**UR- 039/22 uttale:**

Ungdomsrådet tek saka til orientering - kjem attende med eventuelle innspel

**Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i utval for helse og omsorg.

**Bakgrunn**

Grunnlag for arbeid med kommunedelplan helse, sosial og omsorg er følgjande:

- Alver kommunestyre sak 143/20 den 26.11.20: Kommunedelplan helse, sosial og omsorg – planprogram
- Alver kommunestyre sak 039/21 den 25.03.2021: Planstrategi for Alver kommune 2021-2024
- Alver kommunestyre sak 071/22 den 19.05.2022: Kommuneplan for Alver 2022-2034 - samfunnsdel

**Saksopplysninger:**

Alver kommune sin kommuneplan 2022-2034 legg føringar for korleis vi vil utvikle samfunnet vårt dei neste 12 åra. Samfunnssdelen seier korleis vi vil utvikle samfunnet, kva vi skal satse på, kva visjonar og mål vi har for framtida – og kva vi må gjere for å kome dit.

Kommunedelplan helse, sosial og omsorg skal bidra til måloppnåinga. Kommunedelplan er òg ein overordna plan med eit tidsperspektiv på 12 år, og ein handlingsdel for dei komande 4 åra. Handlingsdelen skal reviderast kvart år i samband med økonomiplan og handlingsprogram. Planen er eit verktøy både for det daglege og langsiktige arbeidet i tenestene og skal vere eit styringsverktøy der ein kan sjå samanhengar. Planen gjev slik utgangspunkt for underliggende verksemdsplanar hjå tenesteområda.

Utviklingstrekk knytt til demografiske og samfunnsmessige endringar utfordrar Alver kommune sitt samfunnssoppdrag på ulike område. Døme på dette er prioritering av ressursar, sikre tilstrekkeleg kompetanse og arbeidskraft, kapasitet og måtar å yte tenester på. Vegvala innan helse-, sosial og omsorg skal bidra til berekraftig utvikling og ressурсeffektiv forvaltning og drift i sektoren.

**Planprosess og medverknad**

Planprogrammet til kommunedelplan helse, sosial og omsorg gjer greie for føremålet med planarbeidet,

planprosessen, plantema og opplegget for medverknad. Frå september 2020 til mars 2021 har vi hatt felles medverknadsprosess med kommuneplan samfunnsdel. Medverknadsprosessen er samla i sju rapportar:

1. Melding frå folket
2. Nærcenterstudie
3. Samtalar med råda
4. Tenketank med næringslivet
5. Mitt Alver
6. Digital samfunnsdialog
7. Melding frå administrasjonen

Vidare har ein arbeida med administrativt medverknad frå alle tenesteområda i sektoren. Tema for medverknad har mellom anna vore knytta til tema frå planprogram:

- .
- Demografi – Befolkningsutvikling og flyttemønster
- Helsefremming og utfordringar ein forventar i komande år
- Fellesskap, aktivitet og aktiv omsorg
- Sosial berekraft
- Lovpålagde oppgåver, bidra til prioritering av knappe ressursar
- Heilstaplege tenester
- Samarbeid og samhandling internt og eksternt
- Omstillings- og endringskompetanse, forbettingsarbeid

Utval for helse og omsorg er styringsgruppe for planprosessen. Ein har nyttar arbeidsmøte med styringsgruppa for kunnskapsdeling og arbeid med målformuleringar relatert til kommuneplanens samfunnsdel. Ei rekke fagbaserte presentasjonar har gjeve grunnlag for samtalar mellom fag og politikk i forarbeidet. Presentasjonar og referat frå arbeidsmøta er del av prosessarbeidet og kunnskapsgrunnlaget for framlegg til plantekst.

Styringsgruppa sine arbeidsmøter:

08.02.22  
07.03.22  
31.03.22  
22.04.22  
09.05.22  
24.05.22  
01.06.22  
17.06.22  
12.09.22

Administrasjon har prosjektorganisert planarbeidet med administrativ prosjektgruppe inklusiv representasjon frå hovudtillitsvalde. Vidare har ein nyttar referansegruppe for innspel/synspunkt. Referansegruppe har mellom anna vore samansett av representantar frå ungdomsråd, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, ulike lag- og organisasjoner, vekstbedrifter og næringsliv. I tillegg er spesialisthelsetenesta ved Haraldsplass Diakonale sjukehus og Helse Bergen v/Haukeland Universitetssjukehus oppmoda om å kome med innspel i planprosessen.

Referansegruppa sine møter:

10.03.22  
18.05.22  
08.06.22  
13.09.22

## Oppbygging av plan

Kommuneplan samfunnsdel er førande for kommunedelplan helse, sosial og omsorg (KDP HSO). Vi har difor utforma strukturen med ønske om å synleggjere sektoren sitt bidrag til måloppnåing i samfunnsdelen.

Kapittel 1 omhandlar forankring i planhierarki, mål og målgrupper for plan samt medverknad og prosess i arbeidet med å utarbeid plantekst.

Kapittel 2 omhandlar aktuelle nasjonale og regionale føringar for sektoren. Forvaltning og tenesteyting innan helse-, sosial- og omsorg er lov og forskriftsstyrte, og vi har tilslutta oss ulike regionale samarbeidsområde med tilhøyrande mål og strategiar.

Kapittel 3 viser prognosar for utviklingstrekk kommunen vår. Vi må vurdere og einast om prioriteringar av mål og vegval for samfunnsutviklinga i høve utviklingstrekk, og sjå desse saman med noverande kapasitet i tenestene.

Kapittel 4 synleggjer at tenester innan helse-, sosial- og omsorg vert ytt i heile livsløpet, på ulike nivå og til ulike målgrupper. Vi har utarbeidd modell for aktivitets- og meistringstrapp samt bustadtrapp for å visualisere omfangen. Her vil ein få oversyn på kva type tenester og kapasitet vi har i kommunen.

I kapittel 5 ønskjer vi å tematisere ulike område vi vil fokusere på i planperioden. Dette er og relatert til tema som vart omtalt i planprogrammet. Med grunnlag i kapittel 2, 3 og 4 vert det kort gjeve argumentasjon som gjev retning for vegval og handlingar i målskjema i kapittel 6.

Når ein les plantekst kapittel 6 er det viktig å merke seg fargekodane i målskjema. Farga formuleringar i skjema er vedtatt i kommuneplan sin samfunnsdel (KPS). Fargekodar er avklart med styringsgruppa. Fargekodane viser at «grønne» strategiar frå KPS vert å omtale i KDP HSO. Andre «raude» strategiar frå KPS vert ikkje å omtale i KDP HSO, men vert omtalt/handtert i andre sektorar/plandokument. Desse «raude» strategiane vert å ta vekk i endeleg vedtatt KDP HSO. Ein legg fram alle strategiar frå KPS slik at leser kan få høve til å ytre seg om ein meiner at KDP HSO burde omtalt nokre av desse som er farga raude.

## Høyringsperiode

Høyring av planframlegg skal etter plan- og bygningslova § 11-14 vere minst 6 veker. Etter høyringsperioden blir det handsaming av merknader med mål om endeleg vedtak i kommunestyre.

## **Vurdering:**

Kommuneplanen sin samfunnsdel tar stilling til langsiktige utfordringar for samfunnet vårt og kommunen som organisasjon. Med bakgrunn i utfordringane peiker samfunnsdelen ut mål og retning som møter desse utfordringane. Dei tre underliggende kommunedelplanane skal saman bidra til overordna måloppnåing i kommuneplan samfunnsdel. Desse planane er:

- Kommunedelplan oppvekst
- Kommunedelplan helse, sosial og omsorg
- Kommunedelplan kultur, frivillighet og idrett

Kommunedelplan helse, sosial og omsorg er difor eit overordna sektorbidrag og styringsverktøy innanfor rammer som lov og forskrift samt andre nasjonale og lokale føringar.

For å synleggjere samanheng i plansystemet er det ikkje formulert eigne målkapittel i kommunedelplan helse, sosial og omsorg. Styringsgruppa har valt ut mål og strategiar frå kommuneplanens samfunnsdel 2022 – 2034 som er relevante for KDP HSO. I handlingsplanen kapittel 6 har dei fleste handlingsvala ikkje økonomiske verknader. Det er til dømes trøng for å konkretisere ulike tema meir detaljert via tema- og handlingsplanar med tilhøyrande tiltak for å synleggjere økonomiske verknad. Dømer på slike tema- og handlingsplanar er:

- Bustadsosial handlingsplan
- Psykisk helse og rusmestring (tidlegare ruspolitisk handlingsplan)
- Heilskapleg demensomsorg
- Plan for legetenesta

Det er arbeida fram modell for aktivitets- og meistringstrapp samt bustadtrapp. Modellane vil vere eit arbeidsverktøy som mellom anna kan bidra til:

- Å vise dei ulike nivåa i tenesteytinga, tilhøve mellom dei ulike nivåa og heilsoken. Vi har trinn som er godt utvikla og mindre utvikla i Alver.
- At vi nytter modellen til debatt og prioriteringsval for ønska utvikling og dimensjonering av tenester og tilbod med mål om å kunne gi rett teneste på rett nivå.
- At vi nytter modellen i arbeid med forventningsavklaringar til kommunen vår som forvaltar og tenesteytar - for innbyggjarar, politikarar, tilsette og samarbeidspartar
- At vi nytter modellen i arbeid med ressursinnsats samst å etablere tenlege måleindikatorar for om vi lukkast med mål og vegval for samfunnsutviklinga i kommunen vår.
- At vi nytter modellen for å sikre medverknad frå brukarar og pårørande på alle trinn i trappa.
- At vi nytter modellen for å legge til rette for medverknad og samhandling med frivillig sektor og andre aktørar.

For å prioritere mål og vegval for utviklinga har kommunedelplan helse, sosial og omsorg mellom anna fokus på:

- Frivillige og pårørande som ressurs – vi vil ta samfunnet sine samla ressurser i bruk for å løyse morgondagens utfordringar.
- Tidleg innsats, helsefremmande arbeid og førebyggande verksemd – vi vil styrke arbeid med universelle strategiar for heile befolkninga i heile livsløpet.
- Tenester der folk bur og til rett tid – vi vil ha eit variert butilbod, beste effektive nivå på tildeling av tenester samt rett kapasitet på alle nivå i aktivitets- og meistringstrappa.
- Meistring, deltaking og arbeid.
- Tenester som er koordinerte og verkar saman.
- Personell, kvalitet og kompetanse – vi vil ha meistringsorientert leiing og kunnskapsbaserte tenester.
- Nye kunnskapsbaserte arbeidsmetodar og velferdsteknologi – vi må ta i bruk nye løysingar som er effektive, forenklande og gjer det mogleg å bu heime lengre.

### **Tilråding**

Kommunedirektør rår til at framlegget til kommunedelplan helse, sosial og omsorg blir lagt ut på høyring og offentleg ettersyn, og rår til å gjennomføre ein høyringsperiode på seks veker.

### **Vedlegg i saken:**

31.10.2022

[Lenke til plantekst i Framsikt](#)

1826219